



Møteprotokoll for Kommunestyret

Møtedato: 14.06.2018
Møtestad: Konferansesalen
Møtetid: 09:00 - 15:30

Klokka 0900 vil NAV leiar May Hundvin orientere om om endringsprosessane i NAV i Nordhordland, samt regionaliseringa av NAV Sogn og Fjordane og Hordaland.

Ho vil og orientere om mogleg alternativ organisering av NAV tenestene etter vertskommunemodellen.

Brannsjef i Lindås, Meland og Modalen brannvesen vil vere tilstades under handsaming av saka om etablering av Nordhordland brann og redning klokka 1000.

Teknisk sjef Tone Selmer Skuggevik vil orientere om tilbud på oppgradering av eksisterande flytebryggje og innhenting av tilbud på oppgradering av straumnettet på bryggja.

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Frank Stian Steinsland	SO	Medlem	
Håvard Engeseth	SO	Medlem	
Sigmund Vikane	SO	Medlem	
Liv Anne Aanesen	SA	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	
Svanhild Moberg Nordaas	SA	Medlem	
Roger Wilhelm Fure	SA	Medlem	

Anne Britt Almelid	SA	Medlem	
--------------------	----	--------	--

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle	Merknad
Robert Helland	SO	Medlem	Meldt forfall
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	Meldt forfall

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Imsland	SO	Varamedlem	Vara for Robert Helland
Nina Bolstad Eidsnes	SA	Varamedlem	Vara for Kristin Nåmdal

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Jo Bjarte Tømmerbakke	Rådmann	Møtesekretær	
Ove Sæbø	Assisterende rådmann	Administrasjon	
Tone Selmer Skuggevik	Teknisk sjef	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
018/2018	Godkjenning av innkalling og sakliste
019/2018	Godkjenning av møtebok
020/2018	Referatsaker
021/2018	Orienteringssaker
022/2018	Etablering av Nordhordland brann og redning
023/2018	Framlegg møteplan haust 2018
024/2018	Avtale brøytetilskot Fjellstølen og Kvanndalen velforening
025/2018	Framlegg til revidert strategi - SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket) 2018-2020
026/2018	Søknad om konsesjon for overtaking av Gbnr. 81/3 og 55 på Øvre Helland
027/2018	Konseptstudie - utviding av IKT samarbeidet
028/2018	Søknad om tilleggsopptak for startlån for vidarefordeling - 2018
029/2018	Utredning av moglege samarbeid i randkommunane
030/2018	Årsmelding og rekneskap 2017
031/2018	Modalen nærings- og tenestesenter
032/2018	1. tertialrapport 2018

Notat frå møtet:

018/2018: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Sak 031: Modalen nærings- og tenestesenter vart flytta fram som første sak etter lunsj.
Sak 021, orienteringssaker vart gjennomført før 020, referatsaker.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

019/2018: Godkjenning av møtebok

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

020/2018: Referatsaker

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Referatsaker vert tekne til orientering.

021/2018: Orienteringssaker

Behandling:

May Hundvin frå Nav Nordhordland orienterte:

Innleiing om NAV i det nye Vestland. NAV rettar seg mot einskildpersonar og næringsliv. Flest mogleg tenester ut i regionen, treng regionsressursar med robuste kontor utover bysentra. Nye strukturar når fylker og kommunar slår seg saman. Utfordrande å rigge gode tenester ute i små kontor.

Ute i kommunane er det viktig å fremme næringsliv og rekruttering slik at velferd kan oppretthaldast, ikkje einseitig fokus på arbeidsløyse.

Små kontor gjev stort arbeidsspenn for den eine / dei få som jobbar der. Liten kommune krev like mykje kompetanse for å serve innbyggjarar, men det vert lite mengdetrening/trening. Store ulikskapar knytt til dei sosiale tenestene frå NAV-kontora. Randkommunane ser behov for endringar i forhold til å levere gode tenester til innbyggjarane.

Gav eit bilde av kommunale prosessar som no går føre seg / skal i gang m.o.t. samanslåingar/samarbeid. Masfjorden og Gulen (Masfjorden vertskommune) har gjort prosjektarbeid for samanslåing. Hundvin hadde møte med Modalen kommune (adm) for å undersøke om Modalen kunne vere interessert å høyre meir. Dette vart positivt mottatt.

Det vart orientert om kva oppgåver eit NAV-kontor løyser (stat og kommune). Korleis innbyggjarane i Modalen får hjelp idag. Mykje meir digitalisering av tenestene, samt avtalar med NAV-tilsette. I tillegg post og kundesenter. Kort om samarbeid mellom Modalen kommune og NAV pr. no.

Sigmund Vikane: Spm om kva som vert utsiktene til lokalt kontor i Modalen etter ei evt. endring/samarbeid med Masfjorden og Gulen. Hundvin: Styrke kontorfellesskap, ser føre seg å oppretthalde kontordag i Modalen. Innbyggjarane skal få rett hjelp og rett kompetanse i dei krevjande sakene. Det løyser ein best i samarbeid.

Sigmund Vikane: Ofte oppleving av eit lukke NAV-system med avmaktsoppleving i møte med dette. Korleis vert dette? Hundvin: NAV skal ivareta for å kunne imøtekomme så godt som råd.

Sigmund Vikane: Kva betyr denne rapporten for Modalen? Rådmannen viser til at dette er ei orientering om kva som har gått føre seg i dei aktuelle kommunane, men det er opp til Modalen å lage ei sak for kommunestyret om kva me her evt. ynskjer å gjere. Rådmannen varslar at sak kjem til hausten.

Orientering frå iModalen v/ Liv-Anne Aanesen og Roger Fure. Litt om logo, profil: jordnær og magisk! Klistremerker med logo skal kunne klistrast på lokale produkt som er for sal. Felles produkt ut frå Modalen. iModalen AS har tilsett ein person (Merethe Iversen) som dagleg leiar for å vidareføre reiselivssatsinga for Modalen.

Teknisk sjef: orientering om straum til båthamna. Til råde er det kr. 553 000,-. Nytt sikringsskap utanfor Bryggjeslottet. Vidare er det planlagt marinestolpar mot båthamna. Dette er no under prosess med å inngå avtalar, reknar med at dette kan komme på plass i løpet av hausten.

Flytebryggja: her er det ikkje løyvd midlar for 2018. Det er ein svakeheit som ein treng å utbetre, særleg i forhold til dagar med mykje båtar. Her vil ein ta dette med i budsjettprosessen til hausten. Her undersøker ein kva som evt. vert samla sum for dette tiltaket.

Vedtaket var samrøystes

Vedtaket:

Sakene vert tekne til orientering

022/2018: Etablering av Nordhordland brann og redning

Behandling:

Brannsjef Karl J. Romarheim var til stades under sakshandsaminga.

Rådmannen gjekk gjennom saksutgreiinga. Feietenesta er no planlagt inn under brann og redning. Økonomiske konsekvensar i forhold til deltakarar i brannsam arbeidet. Når Alver vert etablert er det ikkje 5 kommunar, men 3 kommunar i brannsam arbeidet. Det fører til ein auke for kostnadar for Modalen i 2020 på om lag kr. 500 000,-. Dersom Modalen kommune vel å stå på egne bein, vil det verte dyrare, jfr. at kvart brannvern må ha min. 3 heile stillingar (dimensjoneringsforskrifta). NH brann og redning vil vere godt rusta i forhold til kompetanse på alle område eit brannvern skal ha ansvar for.

Det kan verte vanskeleg også for andre små/enkeltstående kommunar å stå aleine. Difor er det mogleg å tenkje seg at fleire etterkvart vel å gå inn i NH brann og redning, og at kostnadar då vil bli redusert / fordelt på fleire.

Romarheim: Skal ikkje leggast ned lokale brannvern - ikkje sentralisering. Sikre beredskap innanfor regionen.

Kjetil Eikefet: Kva tid vart dimensjoneringsforskrifta trådd i kraft? Romarheim: Ikkje klar enno. Framleis under handsaming (KS, DSB, Justisdep.). Planen er å få forskrifta ut på høyring rett før/etter sommaren med planlagt igangsetjing frå 01.01.19.

Sigmund Vikane: Avtale om rein brannmann - kva skjer med denne? Romarheim: denne avtalen vert avslutta når 2019, jfr. lukking av avvik - kostnaden vart dekkja av innkomande kommune. Då er kostnad på kr. 200 000,- vekke.

Sigmund Vikane: Brannstasjon: kostnad knytt til denne? Romarheim: brannsam arbeidet leiger stasjon hjå kommunen med utg.pkt. i at avvik vert lukka, jfr. krav frå arbeidstilsyn. Kommunen sitt ansvar å setje denne i stand slik at leigeavtale kan finne stad. teknisk etat skal komme tilbake med kostnadsbilete til kommunestyret.

Kjetil Eikefet: Avvik må rettast korkje som. Ein må ta ansvar for menneska som utfører tenesta her lokalt. Det skjer best i eit samarbeid. Romarheim: Det kjem nye krav til utdanning av deltids- og fulltidsmannskap. Dette er enklare å løyse i ein stor organisasjon som NH brann og redning. Ein vil med slik org. kunne gjennomføre lokale kurs - dette er kostnadsbesparande.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune godkjenner brannordning og samarbeidsavtale for etablering av Nordhordland brann og redning (NHBR).

Kostnadar for deltaking i samarbeidet blir handsama i prosessen med økonomiplan og budsjett

023/2018: Framlegg møteplan haust 2018

Behandling:

Vedtak:

Framlegg til møteplan for hausten 2018 vert vedteke slik den ligg føre

024/2018: Avtale brøytetilskot Fjellstølen og Kvanndalen velforening

Behandling:

Rådmannen gjekk gjennom saksutgreiinga.

Liv-Anne Aanensen: Det er ein god ordning å ha ein periode som ein kan evaluere etter 5 år.

Sigmund Vikane: Bra med forutsigbar og grei avtale. Men kan bli dyrt med fleire/ulike avtalar. Kan ein sjå seg føre seg å nytte fondsmidlar i staden for drift (kostnadsføring)? Rådmannen: dette vil me drøfte med økonomisjef.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune løyver Fjellstølen og Kvanndalen velforening eit årleg tilskot til vegvedlikehald/brøyting frå 2018 – 2023 på kr 30 000,-. Tilskotet skal årleg justerast for ein løns- og prisvekst på 2,5%. Velforeninga skal årleg sende faktura til kommunen i løpet av oktober/november.

025/2018: Framlegg til revidert strategi - SMIL (spesielle miljøtiltak i landbruket) 2018-2020

Behandling:

Landbrukssjefen orienterte om strategien:

Det er eit krav å ha slik strategi for å kunne motta SMIL-midlar. Setje fokus på kva ein i Modalen ynskjer å trekkje fram av verdiar knytt til landbruk utover ordinær jordbruksdrift (ekstrainsats).

Strategien er delt inn i tema, t.d. skogtypar, plantar, økosystem m.m. Strategien inneheld 5 satsingområde.

Anne-Britt Almelid: Må ein vere bonde for å kunne motta tilskot? Landbrukssjef: For å kunne søkje må ein ha eit foretak (org.nr). Grunneligar kan søkje gjennom bonden.

Ordførar: Osterøy kommune har kjøpt inn "no-fence" for å kunne vidareutleige til rydding av aktuelle område. Er det aktuelt i Modalen? Landbrukssjefen: Det kan det vere.

Må sjå på kva område Modalen evt. ynskjer å få rydda?

Sigmund Vikane: Kan gardsturisme e.l. vere aktuelt å sjå i samanheng med rydding av aktuelle område? Sjå ulike næringar i samarbeid? Landbrukssjefen: Dette er aktuelt å sjå i samanheng. Ein har noko felles arbeid gjennom strategisk næringsplan som er råd å bygge vidare på.

Vedtaket var samrøystes

Vedtaket:

Modalen kommune sluttar seg til dei prioriteringane som er gjort frå administrasjonen, og vedtek den framlagte strategien som gjeldande strategi for bruken av SMIL midlane i Modalen kommune for perioden 2018 – 2020.

026/2018: Søknad om konsesjon for overtaking av Gbnr. 81/3 og 55 på Øvre Helland

Behandling:

Landbrukssjefen gjorde greie for saka.

Generelle vurderingar: om søkjar er skikka, ivareta heilskapen, er garden eigna til føremålet søkjar ynskjer (storleik m.m.), foryngingsplikt (plante nytt / ta i bruk t.d. nedhogd granskog).

Orientering om historia: Etter brev frå kommunen vart eigar beden om å gjere greie for buforholda på garden. Dette knyt seg til buplikt og konsesjon. Dette førte fram til ei sal (saka ein handsamar i dag).

Ordførar: Vil det bu nokon på garden etter eit sal? Landbrukssjefen: Buplikta er oppfylt dersom dei bur i umiddelbar nærleik i 5 år. Dei oppfyller kravet om bustad i nærleik.

Ann-Jorunn Farestveit: vil eit av husa verte gardshus? Landbrukssjefen: Nei. Dei vert rekna som våningshus.

Sigmund Vikane: Konsesjonsloven skal sikre buplikt m.m., samt som gje rom for å gje moglegheiter. Er det tilstrekkeleg å gje løyve når buplikta inneber "umiddelbar" nærleik? Kor langt skal ein strekkje dette. Landbrukssjef: "Umiddelbar nærleik" er ei vurderingssak m.o.t. kva drift som går føre seg. Ein vurderer at i dette tilfellet er ikkje strikken strukke særleg langt.

Kjetil Eikefet: Sjansane aukar for seinare busetnad og drift ved å ikkje la dette forfalle.

Ann-Jorunn Farestveit: Drift på garden er sær positivt for Modalen som kommune, og i sær for bøndene som idag driv. Landbrukssjef: Planen deira er å rydde garden og etablere drift. Dette kan ta tid.

Håvard Engeseth: Kan dei rive bustadhuset på garden? Landbrukssjef: Det vil sitje langt inne å gje løyve til riving.

Sigmund Vikane: Det føreligg ikkje vesentlege innvendingar for å kunne seie nei.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Modalen kommunestyre gjev med heimel i konsesjonslova §§ 2, 9, 9 a og 11 konsesjon til Ole Kristian Øvre-Helland og John Kåre Øvre-Helland for overtaking av gnr. 81 bnr. 3 og 55 på Øvre Helland i Modalen kommune.

Konsesjonen vert gjeve på fyljande vilkår:

- **Ole Kristian Øvre-Helland og John Kåre Øvre-Helland fortsett å bu på eigedommane Gbnr. 81/76 og 81/28 i 5 år.**
- **Foryngingsplikt på hogst gjennomført i 2013 må oppfyllest innan utgangen av 2019.**

Den avtala kjøpesummen er på kr. 1 500 000,-.

Grunngjevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

027/2018: Konseptstudie - utviding av IKT samarbeidet

Behandling:

Rådmannen gjekk gjennom saksframlegget.

Sigmund Vikane: Vert det betre kapasitet og kvalitet ved å sentralisere? Kva med tilgang på menneske når ein har behov for fysisk støtte i Modalen? Kva med betaling for tenestene, kva slag modell skal ligge til grunn?

Rådmannen: Ved etablering av IKTNH var somme skeptisk til å gje frå seg kompetansen. Erfaringa idag er at dette er ei suksesshistoria. Ein får raskt og god hjelp - løyser det meste frå Knarvik.

Opplevinga er ikkje at det vert ei dårlegare tenester ved evt. utviding. Det er *dette* arbeidet som no evt. skal gjerast, jfr. saksframlegget.

Kjetil Eikefet: brukarar av IKTNH er minst skeptiske.

Ordførar: felles utgreiing i alle eigarkommunar.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Arbeidet med å få til ei utviding av IKT Nordhordland med fleire kommunar bør starte så raskt som mogleg. Modalen kommune er positiv til at hovudprosjektet som skal koma med konkrete forslag til utviding vert starta opp.

Dersom Gulen er klar for å gå inn i samarbeidet før hovudprosjektet er ferdigstilt, så er Modalen kommune positiv til det.

028/2018: Søknad om tilleggsopptak for startlån for vidarefordeling - 2018

Behandling:

Linda Neset: Vert samla sum for vidareutlån då ca. 2,9 mill.? Ass. rådmann: ja.
Sigmund Vikane: Saka manglar konklusjon. Ass rådmann orsakar forgløyming.
Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune søker Husbanken om kr. 1 400 000,- i tilleggsløyving til vidarefordeling av startlån og tilskot i 2018.

029/2018: Utredning av moglege samarbeid i randkommunane

Behandling:

Rådmannen gjekk gjennom saksutgreiinga
Ordførar tok Liv Anne Aanensen sitt tilleggsforslag til vedtak opp til votering
Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Kommunestyret i Modalen kommune ser det som svært viktig at Modalen er med på arbeidet med å utrede moglege samarbeid med andre kommunar, inkludert nye Alver kommune, på ulike område. Kommunestyret ber om å bli orientert om framdrifta i arbeidet, og at konkrete framlegg til samarbeid vert lagt fram for politisk handsaming og vedtak.

030/2018: Årsmelding og rekneskap 2017

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad orienterte om årsrekneskapet og svarte på spørsmål.
Sigmund Vikane gjekk gjennom merknader til årsrekneskapet og årsmeldinga frå Kontrollutvalet og revisjonen.
Rådmannen orienterte om årsmeldinga.
Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Rekneskapsmessig mindreforbruk kr 175 474 vert avsett til disposisjonsfondet.

Årsrekneskapsmessig og årsmeldinga for 2017 vert godkjent slik dei ligg føre.

031/2018: Modalen nærings- og tenestesenter

Behandling:

Rådmannen gjekk gjennom saksframlegget.

Ordførar: kva ligg i setning i framlegg til vedtak: "i samsvar med avtaledokument". Teknisk sjef: Me må ta kontakt med HRTB for vidare framdrift. Konkurransgrunnlaget gjeld (jfr. avtale med HRTB). Me står fritt til å vurdere dei tilboda som HRTB kjem med i forhandlingar.

Kjetil Eikefet: Det vert styringsgruppa som skal styre prosessen/arkitektane. Ordførar: ein må kunne forhandle med HRTB. Rådmann: det er styringsgruppa / kommunestyret som avgjer om ein skal gå vidare, akseptere pris m.m.. HRTB har nytta standardkontrakt for å kunne utarbeide teikningar basert på eigne skisser. Få andre arkitektkontor vil overta andre selskap sine teikningar/skisser.

Sigmund Vikane: prosjektgruppa har eit stort ansvar, kommunestyret må heie på prosjektgruppa. Synes HRTB har vore lite lydhøyre. Det er viktig at Modalen kommune leier an. Avtalen er gjort - den må ein forholde seg til.

Vurdering av grunnlagsdokument

Sigmund Vikane: spørsmål til kvifor det er ulik tekst i konklusjon og framlegg i saka m.o.t. omgrepa total- og hovudentreprise? Teknisk sjef: HRTB har frå starten synleggjort hovudentreprise - då får byggherre mest kontroll. I totalentreprise får entrepenøren heile ansvaret for å gjennomføre prosjektet.

Linda Neset: Bør kommunen gå for hovudentreprise eller totalentreprise? Teknisk sjef: totalentreprise vil sannsynlegvis vere mest økonomisk oversiktlegt.

Roger Fure: Vanskeleg å sjå føre seg at prosjektgruppa skal detaljstyre materielval undervegs (hovudentreprise), bør vere totalentreprise.

Rådmann: Totalentreprise: ekstern entrepenør leiar heile byggjeprosessen, hovudentreprise kan kreve kommunal prosjektstyring eller innleigd ekstern byggeleiar. Dette er vanskeleg å sjå føre seg at Modalen kommune har nok erfaring og kompetanse med store byggjeprosjekt, eller kapasitet nok til å ha byggeleinga .

Håvard Engeseth: erfaring med at hovudentreprise vert løyst med ekstern byggeleiar som har oppdraget med å leie byggeprosessen på vegne av kommunen, og at denne vert innleigd frå anna selskap enn hovudentreprisen.

Sigmund Vikane: styringsgruppa bør vurdere innhente kompetanse på kva som er best løysing; hovud- eller totalentreprise.

Linda Neset: kva var skilnaden mellom kommunen sine uttalte forventningar til pris i utgangspunktet, og pristilbod. Teknisk sjef: Det er ca 16 mill kr i differanse i kostnadskalkylene på første og siste skisseprosjekt, frå ca 63 mill til ca 47 mill kr. I Cowi sin tilstandsrapport av eksisterande bygg vart det kalkulert med ein kostnad på ca 40 mill kr for nybygg med om lag same areal som no.

Sigmund Vikane: Skisseforslag frå HRTB. Dette dokumentet er særskild viktig. Feil i utrekningar/kostnadskalkyle frå Bygganalyse AS: feil utrekning s. 17: ca. 2-3 mill.

Sigmund Vikane: COWI: 33 000 kr/m² inkl mva. No er dette oppjustert til 35 000 kr/m². Bygganalyse operer med over 50 000 kr/m². Byggjebransjen operer med ca 20 000 kr/m² for bustadhus.

Politisk drøfting

Håvard Engeseth: Må setje eit minimum av kva me treng/må ha for å redusere kostnaden til bygg. Vente med kva som ikkje er absolutt naudsynt, då kostnadar knytt til bygg vil kunne gå utover øvrig tenestetilbod i kommunen. Kostnaden må ned. Eikefet: Uvisst kva pris vert før me har fått inn anbod. Me må setje ei ramma, men ta stilling når anbod kjem inn.

Nina Bolstad Eidsnes: apell: me er ein kommune, og me må vise at me vil vere ein kommune. Vere oppteken av framtid og endring. Dersom ein tenkjer at slik me har det er godt nok, så vert det for lite framtidsretta.

Håvard Engeseth: skal ein setje ei ramme på 50 mill må ein vere villig til å nytte 50 mill.

Ann-Jorunn Farestveit: Folk flyttar til Modalen fordi det er gode tenester her. Treng ikkje eit nytt bygg. Nytt bygg vil redusere kvaliteten på tenestene.

Anne-Britt Almelid: i 1973 vedtok kommunestyret å byggje nytt kommunehus på Mo. I sept. 1974 var det innviing. Dette var i ei tid då kommunen var fattig / før vasskraftutbygging. Bygget vart satt opp på billigaste vis. Skeptikarane meinte ein burde klare seg med soknestova. Etter tunelletableringa har det berre gått oppover med kommunen. No sit ein her og skal ta stilling til nytt kommunehus. Uvissa ligg i at me kan misse goder me har opparbeidd oss. Overskot på ca 5 mill i 2017 gjorde meg mindre bekymra. Eg oppfordrar representantane til å stemme ja til nytt kommunehus på Mo.

Kjetil Eikefet: Det er ikkje gratis å ikkje byggje nytt. Det huset me no har har nådd sin tekniske alder. Det vil komme kostnadar til drift og vedlikehald. Denne kostnaden er ukjent. I eit nytt bygg kan ein planleggje drift og vedlikehald i lang tid framover. Det er ikkje sikkert det vert mest pengar att til innbyggjarane ved å ikkje byggje nytt.

Roger Fure: kva ligg det i at Arbeidstilsynet vil kunne komme med pålegg? Rådmann og teknisk sjef: universell utforming, inneklima, fukt, manglande energivennlig hus, vatn og avløp m.m.

Håvard Engeseth: Ramma må ned. 20 kontorplassar er naudsynt. Alt anna er unødvendig. Ei ramme på 35 mill er tilstrekkeleg. Ein må setje ei grense.

Nina Bolstad Eidsnes: Eg ynskjer optimisme i bygda. Noko å vise fram, noko å samlast om. Kanskje vil det føre til fleire tilflyttarar, turistar, inntekter m.m. Me må ikkje vere negative. Me treng nytt hus og optimisme.

Kjetil Eikefet: Ramme: anbod vil bli kvalitetssikra/kontrollrekna. Marknaden vil regulere prisen i anboda.

Håvard Engeseth: Det er den totale summen eg ynskjer å få ned. Er ikkje redd for å bli lurt e.l.

Sigmund Vikane: Me ynskjer utvikling og optimisme alle saman. Me må vere ansvarlege politikarar m.o.t. pengebruk når det er fleire område å ta stilling til. Eg vel å vere nøktern og betinga optimist med omsyn til kostnadar. Tal og budsjett endrar seg - dei er vanskeleg å spå om. Me har ein dugande stab i adm som vil gjere ein god jobb. Få fram fordelane ved å bygge nytt - ulike tilskot me kan ta med oss (Enova m.m.). Viktig å gjere gode utgreiingar. Eg meiner me må gå inn for nybygg, helst med 40 mill som ramme.

Teknisk sjef: Det er råd å spare gjennom å ikkje nytte brakker som mellombels løysing, Enova-støtte, oppsparte midlar. Dette må gjerast tydeleg i forprosjekt.

Roger Fure: Anbod vil regulere prisen Modalen kommune må betale.

Pause

Avstemming:

Kjetil Eikefet trakk sitt forslag til vedtak.

Framlegg til vedtak frå Ann-Jorunn Farestveit og Linda Neset vart satt opp mot kvarandre:

12 stemmer for Linda Neset sitt framlegg.

1 stemme for Ann-Jorunn Farestveit sitt forslag

Vedtak:

Kommunestyret vedtek å bygge eit nytt nærings- og tenestesenter i Modalen.

Formannskapet blir styringsgruppa for prosjektet.

Det vert føresett at styringsgruppa held kommunestyret godt orientert om det vidare prosjekteringsarbeidet.

I samsvar med avtaledokument frå HRTB datert 15.05.2015, vert HRTB Arkitekter kontakta for å gje tilbod på det vidare prosjekteringsarbeidet .

Det vert sett ei ramme for nybygg på 40 millionar.

Plan for uteområde må takast med i prosjektet.

Det vert nytta eksisterande lokale til å drifta kommunen i byggeperioden.

032/2018: 1. tertialrapport 2018

Behandling:

Økonomisjef Magne Verpelstad gjekk gjennom tertialrapporten og svarte på spørsmål.

Sigmund Vikane ba om ei orientering frå pleie og omsorg til kommunestyret tidleg i haust, med vekt på moglege tiltak for å kunne redusere kostnader for å klare å halde budsjettet. Dette slutta kommunestyret seg til.

Vedtaket var samrøystes

Vedtak:

Tertialrapporten vert teken til orientering.
